



Dette er UFF-containaren i Uskedalen

UFF-containarane som også er plassert i Kvinnherad er omstridte og det har sist kome til uttrykk i avisene, Rektor Stein Erik Schille har i eit innlegg stilt krav om at containaren i Rosendal må fjernast. Men også Uskedalen har ein slik containar og den står utanfor Gamleskulen saman med dei andre containarane for avfall.

Schille opplevde før Tvindbevegelsen som attraktiv for unge som ville ut i verda og oppleva framande folk og kulturar. Rørsla var eit positivt element i det internasjonale solidaritetsarbeidet, men slik er det ikkje idag.

No er rørsla skulda for å vera ein kriminell organisasjon med leiarar som er ettersøkte gjennom Interpol. Den øverste leiaren er skulda for skattesvik og leiarane har levd eit liv i sus og dus. Politiet jaktar dei i Mexico. Eit sentralt punkt er handsaminga av elevane, ikkje minst økonomisk.

Schille gjer merksam på dette og kva ein støttar ved å leggja klede i UFF-boksane, Organisasjoenen har truleg lurt Kvinnherad til å tru at den er ein seriøs organisasjon og dermed fått løyve til å setja opp containarar. Schille ynskjer at kommunen straks får UFF til å henta boksane og han har fått støtte av andre i dette kravet,

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen